



Til medlemene i Formannskap/økonomiutval

Det vert med dette kalla inn til / gjort kjent med møte i Formannskap/økonomiutval

Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset

Dato: 13.01.2020

Tid: 11:00

Dersom De ikkje kan møte, ber ein om at De melder frå til sentralbordet snarast råd.

Saksliste

Utvalls- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 1/20	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	
	Referatsaker	
RS 1/20	Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2019-2020 - hytteløyve - Steinar Hansen	
RS 2/20	Vedtak - Søknad om dekt husleige Granvin kulturhus for 2019 - Seljord og Kviteseid leikarring	
RS 3/20	Positivt svar - Søknad om støtte til materiell yogakurs - Elisabeth Hagen Kvaem	
	Saker til handsaming	
PS 2/20	Handlingsplan for idrett og friluftsliv 2020-	
PS 3/20	Søknad om støtte til podcast - Lokalpødden	
PS 4/20	Prioritering av søknadar om spelemidlar 2020	
PS 5/20	Søknad om støtte til Nasjonalt Landstadsenters verksemd i 2020	
PS 6/20	Søknad frå Skagerak Kraft AS/Skagerak Energi AS om bruk av snøscooter i samband med skredkurs 2020 - § 6 i forskrift om motorferdsel	

Saker til handsaming

PS 1/20 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Referatsaker

RS 1/20 Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2019-2020 - hytteløyve - Steinar Hansen



Seljord kommune

Steinar Hansen
Barthsbakke 14
3965 HERRE

Motorferdsel - delegera - nr. 12/19

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Arkivkode: Dato:
2019/1852-2 Torunn Raftevold Rue, K01 10.12.2019
torunn.rue@seljord.kommune.no

Svar på søknad om snøscooterløyve i perioden 2019-2020 - hytteløyve - Steinar Hansen

Søknaden er handsama etter:

- LOV 1977-06-10 nr 82: Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.
- FOR 1988-05-15 nr 356: Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag.
- Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare område i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark
- Retningslinjer for handsaming av snøscooterløyve i Seljord kommune, fmsk.sak 95/16.
- Delegasjonsreglementet for Seljord kommune.
- Naturmangfoldslovas §§ 8-12

Om søknaden:

Det vert søkt om løyve etter: § 5 c) jf forskrift om motorferdsel i utmark.

Moment vurdert i søknaden:

Trasé for køyring: Treslandstippen til privat hytte Jonsnuten, gnr 48, bnr 62, Gullnesvegen 1059
Tidsrom: 2019-2020

Går traséen inn i Brattefjell-Vindeggen: Nei

Avstand frå brøyta veg til hytte: > 2,5 km (ca 5 km)

Formål: Frakt av bagasje og utstyr til hytte som ligg meir enn 2,5 km frå brøyta bilveg. Hytta har adresse Gullnesvegen 1059, Jonsnuten gnr 48, bnr 62.

Vedtak:

Steinar Hansen er gjeven dispensasjon for køyring med:

Motorkjøretøy (type og reg nr): Snøscooter NK 1095

Sjåfør: Steinar Hansen

Reservesjåfør: Runar Moen

Trasé for køyring: Treslandstippen til privat hytte Jonsnuten, gnr 48, bnr 62, Gullnesvegen 1059
Tidsrom: 2019-2020

Formål: Frakt av bagasje og utstyr til hytte som ligg meir enn 2,5 km frå brøyta bilveg. Hytta som tilhøyrer Steinar og Bjørg Reidun Hasen har adresse Gullnesvegen 1059, Jonsnuten gnr 48, bnr 62.

Vedtaket er grunngjeve med:

- Det er over 2,5 km frå brøyta veg til hytta.
- Det er ikkje knytt spesielle vilkår til transportløyvet i området om kontinuerleg beredskap, grunna at eit slikt vilkår er urimeleg i forhold til venta inntening. Området har relativt spreidd hyttebebyggelse. Fordi søkjar dermed ikkje kan vente å få transport når han/ho treng det, vert søknaden innvilga.
- "Kunnskapsgrunnlaget – naturmangfoldloven § 8": - Vedtaket er basert på lokalkunnskap om området, søk i Naturbase og www.artsdatabanken.no.
- "Føre-var prinsippet – naturmangfoldloven § 9": - Den omsøkte traséen vert ikkje rekna som spesielt sårbart område og er difor ikkje omfatta av føre-var-prinsippet.
- "Økosystemtilnærming og samlet belastning – naturmangfoldloven § 10": - Transportløyve er gjeven med omsyn til den totale miljøbelastninga i området.
- "Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver – naturmangfoldloven § 11": - Er vurdert til ikkje å ha relevans her.
- "Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetode – naturmangfoldloven § 12": - Er vurdert og innvilginga av løyvet er vurdert til å gje best mogleg samfunnsmessig resultat.

Vilkår knytt til løyvet:

- Søkjar har lest, forstått og godteke eigenerklæringa for snøscooterløyve i Seljord kommune.
- Løyve til motorferdsel gjeld ikkje utan løyve frå grunneigar. Innehavar av løyve bør ha dette skrifteleg ved ein eventuell tvist.
- Kopi av vedtak om løyve skal alltid vere med under transporten.
- Den som bryt lova, forskriftene eller retningslinjene i medhald av lova, eller opptrer aktlaust, er straffeansvarlege etter § 12 i motorferdsellova.

Vedtaket er gjort etter delegert fullmakt.

Du/de kan klage på vedtaket. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut.

Send skriftleg klage til den som har gjort vedtaket, skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringar som er ynskjeleg, og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.

Med venleg helsing

Torunn Raftevold Rue
Natur- og Miljørådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Seljord kommune Næring og utvikling	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak. (Forvaltningslova §27 tredje leddet) (2) Dato 10.12.2019
(3)Mottakar (namn og adresse) Steinar Hansen, Barthsbakke 14, 3965, HERRE	(4)Klageinstans Fylkesmannen i Vestfold og Telemark
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med.	
Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket.
Kven kan De klage til?	Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).
Klagefrist	Klagefristen er tre – tre – veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De gjeva opp datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og då må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ynskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga. - Klaga må underskrivast.
Utsetjing av gjennomføring av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjast i verk med det same. De kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §18 og §19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
Kostnadene med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gjeva nærare opplysningar om dette. Det er også høve til å krevje dekning for store kostnader som har med klagesaka å gjere. Normalt er det då ein føresetnad at det organet som gjorde det opphavlege vedtaket, har gjort ein feil slik at vedtaket blir endra. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivilombodsmannen	Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen) har ikkje høve til å ta opp saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	



Seljord kommune

Kultur og næring

Jon Funner

Kultur og næring - delegera - nr. 19/5

Dykkar ref:	Vår ref:	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2019/166-2	Asbjørn Storrusten,350 65 155 asbjorn.storrusten@seljord.kommune.no	223	21.01.2019

Vedtak; Søknad om dekt husleige Granvin kulturhus for 2019 - Seljord og Kviteseid leikarring

Seljord kommune syner til Seljord og Kviteseid leikarring, Jon Funner 9. januar 2019 – Søknad om dekt husleige på Granvin kulturhus 2019.

Leikarringen søker om fri husleige på Granvin kulturhus, jf. lov om vaksenopplæring §10 i lova, til våre folkedanskurs våren og hausten 2019.

Leikarringen sine kurs er godkjent og støtta av studieforbund og har då rett på å få tilfredstillande kurslokalar stilt til disposisjon av kommunen, jamfør Lov om vaksenopplæring.

Kommunen har handsamma søknaden og gjort følgjande vedtak:

Seljord kommune dekker leige av lokalar for Seljord og Kviteseid leikarring på Granvin Kulturhus As for folkedanskurs vår og haustsemestra i 2019, jamfør Vaksenopplæringslova.

Kommunen dekker lokale til øvingar på kvardagar fram til kl 21.00, om ikkje anna er avtalt med kulturhuset.

Vedtaket er gjort etter delegert fullmakt

Vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut.

Klaga skal sendast skriftleg til den som har gjort vedtaket, skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringar som er ynskjeleg, og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan være uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.

For Seljord kommune

Asbjørn Storrusten

Kultur- og næringssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi; Granvin kulturhus As

Postadresse: Brøløsvegen 13 A
E-post: post@seljord.kommune.no
Heimeside: seljord.kommune.no

Telefon: 35065100
Telefaks: 35065110
Org.nr:964963738

Bankgiro: 27110710777

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Seljord kommune Kultur og næring	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak. (Forvaltningslova §27 tredje leddet)
	(2) Dato 21.01.2019
(3)Mottakar (namn og adresse) Jon Funner, , ,	(4)Klageinstans Seljord kommune
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med.	
Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket.
Kven kan De klage til?	Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).
Klagefrist	Klagefristen er tre – tre – veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De gjeva opp datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og då må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ynskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga. - Klaga må underskrivast.
Utsetjing av gjennomføring av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjast i verk med det same. De kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §18 og §19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
Kostnadene med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gjeva nærare opplysningar om dette. Det er også høve til å krevje dekning for store kostnader som har med klagesaka å gjere. Normalt er det då ein føresetnad at det organet som gjorde det opphavlege vedtaket, har gjort ein feil slik at vedtaket blir endra. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivilombodsmannen	Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen) har ikkje høve til å ta opp saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	



Seljord kommune

Kultur og næring

Elisabeth Hagen Kvalem

3840 SELJORD

Kultur og næring - delegera - nr. 19/69

Dykkar ref:	Vår ref	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2019/1887-2	Asbjørn Storrusten,350 65 155 asbjorn.storrusten@seljord.kommune.no		21.12.2019

Positivt svar - Søknad om støtte til materiell yogakurs - Elisabeth Hagen Kvalem

Seljord kommune syner til din søknad av 18.desember, om midlar til yogautstyr. Du skriver at du ynskjer å flytte din yogaundervisning frå Sterke-Nilssenteret til Telemark karate sin dojo i Telehuset, då du reknar dette til å vera meir egna lokalar og miljø for yoga trening.

Vi har vurdert din søknad og trur at det å utøve yoga kan være eit viktig folkehelseiltak for mange.

Vedtak

Seljord kommune løyver kr 9.400,- til Elisabeth Hagen Kvalem sin satsing på yoga i Telemark karates sine lokalar i Telebygget. Løyvinga er av midlar avsett til førebyggjande helsearbeid – Folkehelse 440 - 2333

Vi ynskjer deg lukke til med tiltaket og ber om at **du snarast** sender ein oppmoding om utbetaling på dette tilskotet, påført kontonummer. Oppmodinga bes retta til post@seljord.kommune.no.

Vedtaket er gjort etter delegert fullmakt.

For Seljord kommune

Asbjørn Storrusten
Kultur- og næringssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saker til handsaming

PS 2/20 Handlingsplan for idrett og friluftsliv 2020-



Seljord kommune
Kultur og næring

Arkiv: C20
Saksnr.: 2018/1873-3
Sakshand.: Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.: 350 65 155
Dato: 31.12.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	2/20	13.01.2020

Godkjenning av Handlingsplan for idrett og friluftsliv 2020-

Saksdokument:

Vedlegg:

1 Handlingsplan Idrett og friluftsliv 2020-

Saksutgreiing:

Kulturdepartementet krev at alle tiltak, der det søkas om spelemidler, må vere innarbeida i kommunanes gjeldande Handlingsplan for idrett og friluftsliv.

Formannskapet må derfor godkjenne oppdatert Handlingsplan for idrett og friluftsliv 2020-.

Kommunane har søknadsfrist for spelemidler 15. januar kvart år.

Administrasjonen har revidert utkast til handlingsplan for 2020 – i samarbeid med idrettslaga i Seljord, Flatdal og Åmotsdal, Grendelaget i Svartdal, Flatdal Bygdeutviklingslag og Seljord turlag.

Kommunen har bedt Seljord idrettsrådet om å vurdere handlingsplanen. Idrettsrådet handsamma utkastet til handlingsplanen i sitt møte 2. januar 2020

Seljord idrettsråd si tilråding;

Seljord idrettsråd rår Seljord kommunen til å godkjenne justert Handlingsplan for idrett og friluftsliv for Seljord kommune for 2020- dagsett 2. januar 2020.

Rådmannen si tilråding:

Seljord kommune vedtek Handlingsplan for idrett og friluftsliv for Seljord kommune 2020- dagsett 2. januar som gjeldande for kommunen.

Rådmannen får fullmakt til å foreta enkle justeringar av planen, fram til 15. januar 2020.

Utskrift til: Vestfold og Telemark fylkeskommune
Seljord idrettsråd

SELJORD KOMMUNE, HANDLINGSPLAN FOR IDRETT OG FRILUFTSLIV 2020-

Justert etter innspel frå Idrettsrådet pr. 2.1.2020

SELJORD KOMMUNE

Anleggstype:	Eigar:	Anlegg	Status:	Tiltak:	Spelemidler:
Turveg Seljord sentrum/ Del 2 - Bygdetråkk	Seljord kommune	Bygdetråkk	Prosjekttert, avtaler/ regulert. Grunnerverv påbegynt	Ny trase langs vasskanten mellom Nes og Ringmyri over Lomodden	Søk 2022
Turveg Seljord sentrum Del 3 – Bru over Vallaråi	Seljord kommune	Bygdetråkk	Prosjektering	Bru over Vallaråi mellom Eventyrøy og Bjørge sag	Søk 2022
Skilting turvegar Flatdal	Seljord kommune	Opplev Nutheim	Prosjekttert	Diverse skilt i samanheng med turvegar og installasjonar i Flatdal	Søk 2020
Sykkelveg Vest Flatsjø- Satajuvet	Prosjekt Opplevingsveg om Nutheim/Seljord kommune	Sykkelveg	Prosjekteras	Rydde, bygge, skilte sykkelveg langs vestsida av Flatsjø–langs Flatingrendi til Satajuvet Delvis festa i fjellveggen, 2 bruer	Søk 2021

SELJORD IDRETTSLAG (SIL)

Anleggstype:	Eigar/driftsansvar	Anlegg	Status:	Tiltak:	Spelemidler:
Dagsturhytte Ballongfararstein	Seljord idrettslag	Eige	Planlagt	Lafte enkel dagsturhytt	Søk 2020
Eventyrøy Sandvolley/- handball	SIL/ Eventyrøy aktivitetspark	Eventyrøy	Planlagt	Bygge anlegg	Søk 2020
Eventyrøy Tennisbane	SIL/ Eventyrøy aktivitetspark	Eventyrøy	Planlagt	Bygge anlegg	Søk 2020
Rulleski løype	Seljord idrettslag	Raudkleiv	Planlagt	Asfaltere løype ved skiskyttaranlegget	Søk 2021
Lys og varmebu	Seljord idrettslag	Raudkleiv skianlegg	Skileikanlegget er fullført, trenger lys og varmebu	Sette opp nokon lysmaster med lys Byggje mindre varmebu/heishus	Søk 2021

SELJORDUTSTILLINGA DYRSKU'N

Anleggstype:	Eigar/driftsansvar	Anlegg	Status:	Tiltak	Spelemidler
Fotballhall	Seljordutstillinga Dyrsku'n	Fotballhall	Skal bli utreda	Bygge kombinert hall m.a. for 9er fotball	

FLATDAL

Anleggstype:	Eigar/ driftsansvar	Anlegg	Status:	Tiltak:	Spelemidler:
Klubbhus	Flatdal idrettslag	Idrettsbanen	Planlagt	Rehabilitering /nybygg	Søk 2022
Brekkabakken	Flatdal idrettslag	Hoppanlegg	Aktiv	Diverse opprusting, tårn, trapper	
Skate-/sykkelbane – Pump-track	Flatdal idrettslag	Skate-/ sykkelbane	Prosjekttert	Bygge skate-/ sykkelbane – pump-track	Søk 2020
Aktivitetspark	Flatdal idrettslag	Aktivitetspark	Prosjekttert	Bygge aktivitets- trimpark	Søk 2020
Aktivitetsplass	Flatdal idrettslag	Gapahuk/ aktivitet	Prosjekteras	Bygge gapahuk, aktivitetsapparat	Søk 2021
Sykkel-/tur veg Ambjørndalen - Svartdal	Svartdal Grendelag	Sykkelveg	Bygd	Rydd, byggje, skilte 3 km sykkelveg i kulturlandskapet	Gjenta 2020
Turstigar – generelt i Flatdal	Flatdal Bygde- utviklingslag	Tur- / sykkelveg	Planleggjast / løypande	Rydding, merking og skilting av stigar	
Flatdal turveg del 1 Øyland–Herøysanden	Flatdal bygdeutviklingslag	Sykkelveg	Prosjektera	Rydde, byggje skilte 2,1 km sykkelveg langs Flatdalsåi frå sentrum Øyland– Herøysandne m/ 2 bruer	Søk 2020
Flatdal turveg del 2 Øyan, Herøysanden- Flatsjø	Flatdal bygdeutviklingslag	Sykkelveg	Prosjektera	Byggje, skilte 3 km sykkelveg på Øyan frå Herøysanden - Flatsjø	Søk 2020
Sykkelveg gjennom Kyrkjeskogen	?	Sykkelveg	Planleggjas	Bygge ny sykkelveg (terreng ?) frå Åren til Flatdalsvegen	Søk 202?

ÅMOTSDAL

Anleggstype:	Eigar/ driftsansvar	Anlegg	Status:	Tiltak:	Spelemidler:
Lysløypa – skifte lys	Åmotsdal idrettslag	Lysløype	Blir prosjektera	Dårlege lamper/ + lyspunkt ved tidtakar bu PCB Skifte ut til nye ljøs	Søk 2021
Vihustjønni bade plass	Åmotsdal idrettslag	UU Rampe	Planleggjast	Kjøp og montering av rampe for menneskjer med nedsett funksjonsemne	

SELJORD TURLAG

Anleggstype:	Eigar/ driftsansvar	Anlegg	Status:	Tiltak	Spelemidlar
Tur- stigar / turvegar generelt	Seljord turlag	Turstig	Løypande vurdering	Rydde, brubygging, skilting	

GENERELT / FRILUFTSAKTIVTER

Anleggstype:	Eigar/driftsansvar	Anlegg	Status:	Tiltak:	Spelemidlar:
Turveg Dyrskuplassen – Granvin Kulturhus / sentrum	Dyrsku'n arr AS / Seljord kommune	Turveg	Regulert	Ny turveg 300 m	
Turveg Dyrskuplassen – Nordbygdi	Dyrsku'n Arr AS / Seljord Kommune	Turveg	Planleggast	Turveg	
Badeplassane - Bjørgesanden - Telnessanden - Vihustjønni - Flatdal - Eventyrøy		Bade - plassar	Prosjekterast	Universell utforming/ rampe for menneskjer med nedsett funksjonsemne.	

Eventyrøy aktivitetspark:

Vil utvikle Eventyrøy til å bli eit svært attraktivt nær friluftsområde.

Plan (utover Tuftepark, Tennisbane og Sandbane)

- Klatrepark - mini
- Eventyrskog
- Kajak-hotell og utstyrslagring. Platting med grill og sitteplasser. WC. Mannskapsrom etc.
- Friområde for egen lek.
- Fiskeplatå
- Elvepadling med startrampe
- Strand for enkel å komme til vatnet
- Elvebredde for fising, publikum for elvepadling,
- Leikeplass og aktivitetsområde for barn.



Seljord kommune

Kultur og næring

Arkiv: U01
Saksnr.: 2019/1853-2
Sakshand.: Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.: 350 65 155
Dato: 02.01.2020

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	3/20	13.01.2020

Søknad om støtte til podcast - Lokalpødden

Saksdokument:

Vedlegg:

1 Søknad til podcast

Saksutgreiing:

Ingunn Furuvald og Jarand Barstad i Flatdal har etablert "Lokalpødden", ein lokal podcast for folk som er busett i vår region – dette for å skape utvikling og samhold blant oss som er interessert i dette området.

Ingunn og Jarand ynskjer at Lokalpødden skal vera ein aktør på lik line med lokalradio, men i eit anna format. Alle som har ei historie som dei tenker er verdt at fleire bør vita om, er velkomne. Målgruppa vil vera frå ungdomskuleelevar til folk på gamleheimen.

Ingunn og Jarand søker, m.a. Seljord kommune, om støtte til å kunne utvikle Lokalpødden. Dei legg inn ein betydeleg arbeidsinnsats i å lage program, for det er mange timar med arbeid i førebuingar, opptak og redigering, Nå må dei og låne godt utstyr for å sikre ein god nok kvalitet på podcasten. Så for å kunne utvikle konseptet, Lokalpødden og lette arbeidstilhøva er det naudsynt med ein del investeringar. Investeringar i utstyr som mikrofonar, stativ, hovudtelefonar og redigeringsprogram. Det går også mykje tid og pengar til køyring, straum og litt servering for å kunne utvikle gode program så noko hjelp vil komme godt med.

Sida dei starta opp med podcast i september har dei hatt/ besøkt gjester frå Nissedal, Seljord, Vinje og Tinn, og dei ser for seg mange interessante personar å ha gode samtalar med i frå alle bygdene i regionen.

Ingunn/ Jarand opplyser at det er stor interesse for podcastene, dei har registrert nærmare 6 000 avspelingar frå september til byrjinga av desember. Dei har fått god omtale i m.a. i NRK og kome på nasjonale nyheiter.

Ingunn/ Jarand opplyser at dei har fått noko sponning av lokalt næringsliv som Bo senteret, VTB og KVITO.

Vurdering

Podcast som plattform er mykje bruka, det at program kan spelast av når det passer den einskilde, gjer dette veldig fleksibelt.

Seljord kommune har tidlegare støtta lokale (Flatdal) initiativ, initiativ som m.a. Vest-Telemark blad og Hjallarhornet i deira oppstart.

Administrasjonen veit ikkje kva for plattformer/ format som vil bli nytta dei nest åra og kanskje vil Lokalpødden bli ein viktig lokal kanal for framtida.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet å gjere følgjande vedtak;

Seljord kommune støtter ikkje Lokalpødden med midlar i 2020. Dette på grunn av at kommunen nå har små frie midlar til å støtte denne typen tiltak.

Utskrift til: Lokalpødden ved Ingunn Furuvald / Jarand Barstad.

Søknad om midlar til podcast.ved Næringskontoret.

«Lokalpødden»

Eg (Ingunn Furuvald) og Jarand Barstad har starta ein podcast som heiter «Lokalpødden».

Målet vårt er at dei som har busett seg i vår region, eller har ei tilknytning til Vest -Telemark skal kunne fortelja om sine prosjekt, idear og sitt virke. Vi har ein teori om at vår region bør foreinas meir, ikkje politisk eller geografisk, det tar ikkje vi stilling til, men sosialt. Vi har til felles at vi har valt å busette oss i distrikts Noreg, men det har ofte slått oss at vi ikkje kjenner kvarandre på tvers av kommunegrensene. Vårt prosjekt er å fortelja mennesklege historiar, vise til innovasjon, prosjekt som skil seg ut, kulturelle og sportslege bidrag, eigentleg er det ingen reglar, berre det er ei interessant historie.

Ofte kjem gjestene til ossi Flatdal. Gjestene får litt snack og litt drikke, så tar vi ein prat. Nokre gonger reiser vi til gjestene om det er eit poeng. Til dømes har vi vore på besøk til Austbygda i Tinn og laga ein podd med ei gruppe som driv med heilårsbading. Ofte tek lyttarane kontakt og foreslår seg sjølv eller andre som gjester i podcasten. Vi har eit ønske om å vera interaktive slik at dei som høyrer på, kan spørja gjesten/gjestene om ting dei lurar på.

Denne ideen vart unnfanga etter at eg og Jarand leia ein politisk debatt før valet og den prosessen fekk oss til å tenke på kor lite vi eigentleg veit om våre naboar, kor mange interessante folk som bur her og at vi saman kunne finne ein arena der vi kan få større innsikt i kva andre gjer.

Det kan sjå ut som om vi kjem til å reise meir framover. Fleir gjester vil at vi skal koma dit dei er, slik at vi i større grad kan fortelja meir om korleis det er der «intervjupbjekta» held til.

Vi gjer dette fordi vi er overtydde om at dette vil folk ha og vi treng det. Frå vi sendte vår første podcast i september og til i dag har vi nærmare 6000 avspellingar, og vi trur vi kan få mange fleir. Førrige veke (fredag 6. desember 2019) fekk vi NRK på besøk, og kom på nasjonale nyheiter. Dette var stor stas og god PR for oss.

Vi kan vera ein aktør på lik linje med lokalradio, men i eit ana format. Alle som har ei historie dei tenkjer er verdt at fleir bør vita om, er velkomne til oss. Vår målgruppe er frå ungdomsskule til gamleheimen.

Vi ønskjer å søkje pengar, slik at vi kan utvikle konseptet. Vi bruker mange timar kvar vike på å planlegge, gjennomføre, og redigere podcasten.

På 1 time og 15 min ferdig redigera podcast, kan vi bruke 6 – 9 timar. Til forarbeidet til sjølve samtala, brukar vi mellom 2 – 4 timar, samtidig som vi brukar mykje tid på å finne aktuelle gjester. No låner vi mikrofonar og utstyr av ein lokal musiker, så vi treng utstyr som gjev god lyd og kvalitet.

Til no har vi hatt gjester frå Nissedal, Vinje, Seljord og Tinn. Vi ser for oss at Fyresdal, Kviteseid, Tokke har mange interessante potensielle gjester og vi jobbar med det.

Budsjett:	- miksebord	4500 kr
	- 4 stk Shure SM 7B mikrofonar 4795 pr stk. Totalt	17 480 kr
	- Stativer 4 stk	Totalt 3180 kr
	- 4 stk beyer.dynamic HodetelefonarDT770. Totalt	7180 kr
	- Servering ca 200 kr pr podcast.	Ca 10 000 kr i året.
	- Kjøyring ca	ca 15 000 kr i året.
	- Straum	ca 2000 kr pr år
	- Redigeringsprogram	ca 3600 kr i året.
	- Arbeid 250 kr timen x 15 - 20 timar i vika	ca 200 0000 kr i året

Vi har til no, fått 3 stolar av Bo senteret i Seljord til ein verdi av ca 15 000 og vi har fått reklame av VTB til ein verdi av ca 2500 kr og vi har fått pengar for reklame av KVITO, på 3000 kr. Berre 3000 kr har vore i kontantar. Vi har ein eigen konto.

Om dette er noko kommunen tenkjer har potensiale, vil vi gjera det vi kan for å skape utvikling og samhald i vår flotte region.

Takk for at de tok tid, og så håpar vi på eit positivt svar.

Mvh Ingunn Furuvald og Jarand Barstad



Seljord kommune
Kultur og næring

Arkiv: C20
Saksnr.: 2018/1874-3
Sakshand.: Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.: 350 65 155
Dato: 31.12.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	4/20	13.01.2020

Prioritering av søknadar om spelemidlar 2020

Saksutgreiing:

Formannskapet må vedta kommunens prioritering av søknadar om tilskot av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet for 2020.

Alle anlegg er innarbeida i kommunens sin Handlingsplan for idrett og friluftsliv 2020-.

Aktuelle søknadar er:

- Svartdal Grendelag, Turveg Gjentatt
- Seljord idrettslag, Dagsturhytte, Ballongfararstein ny
- Seljord idrettslag, Eventyrøy Sandbane ny
- Seljord idrettslag, Eventyrøy Tennisbane ny
- Flatdal idrettslag, Skate-/sykkelbane ny
- Flatdal idrettslag, Aktivitetspark ny
- Flatdal Bygdeutviklingslag, Turveg del I ny
- Flatdal Bygdeutviklingslag, Turveg del II ny

Kommunen har bedt Seljord idrettsråd om å rå til ein prioritering av søknadane.

Seljord idrettsråd (SIR) handsama prioritering av spelemiddelsøknadar i sitt møte den 2. januar.

Seljord idrettsråd si tilråding;

Seljord idrettsråd rår Seljord kommunen prioritere søknadane om spelemidlar slik;

Ordinære anlegg

1. Seljord idrettslag, Dagsturhytte, Ballongfararstein Ny
2. Seljord idrettslag, Eventyrøy Sandbane Ny
3. Seljord idrettslag, Eventyrøy Tennisbane Ny

Nærmiljøanlegg

- | | |
|--|----------|
| 1. Svartdal Grendelag, Turveg | Gjenteke |
| 2. Flatdal idrettslag, Skate-/sykkelbane | Ny |
| 3. Flatdal idrettslag, Aktivitetspark | Ny |
| 4. Flatdal Bygdeutviklingslag, Turveg del I | Ny |
| 5. Flatdal Bygdeutviklingslag, Turveg del II | Ny |

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet om å vedta følgjande prioritering av søknadar om spelemidlar for 2020;

Ordinære anlegg

- | | |
|--|----|
| 1. Seljord idrettslag, Dagsturhytte, Ballongfararstein | Ny |
| 2. Seljord idrettslag, Eventyrøy Sandbane | Ny |
| 3. Seljord idrettslag, Eventyrøy Tennisbane | Ny |

Nærmiljøanlegg

- | | |
|--|----------|
| 1. Svartdal Grendelag, Turveg | Gjenteke |
| 2. Flatdal idrettslag, Skate-/sykkelbane | Ny |
| 3. Flatdal idrettslag, Aktivitetspark | Ny |
| 4. Flatdal Bygdeutviklingslag, Turveg del I | Ny |
| 5. Flatdal Bygdeutviklingslag, Turveg del II | Ny |

Rådmannen får, i samarbeid med søkjar og Idrettsrådet, fullmakt til å gjere naudsynte justeringar av prioriteringane fram til endeleg søknadsfrist for spelemidlane 15. januar 2020.

Utskrift til: Vestfold og Telemark fylkeskommune
Seljord idrettsråd



Seljord kommune

Kultur og næring

Arkiv: 223
Saksnr.: 2019/1772-2
Sakshand.: Asbjørn Storrusten
Direkte tlf.: 350 65 155
Dato: 31.12.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	5/20	13.01.2020

Søknad om støtte til Nasjonalt Landstadsenters verksemd i 2020

Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter - Søknad om driftsmidler for 2020
2. Budsjett 2020

Saksutgreiing:

Nasjonalt Landstadsenter søker Seljord kommune om tilskot til drift av Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter i året 2020 på kr 50.000,-.

Åge Haavik, styreleiar i Nasjonalt Landstadsenter skriver i søknaden;

"Seljord har stadig et usedvanlig rikt og blomstrende kulturliv. Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter har som oppgave å ivareta arven etter en av de store som i sin tid var med på å legge grunnlaget for mye av det som fremdeles utfolder seg, presten og folkloristen Magnus Brostrup Landstad (1802-80).

Om Magnus Brostrup Landstads kulturinnsats kan det sies at den er solid lokalt forankret med dype røtter i den rike Telemarkskulturen, men fruktene av den fremstår som fremragende bidrag til vår nasjonale kultur og historie. I 1982 skrev professor Ingard Hauge i *Norges Litteraturhistorie*: «M.B. Landstad var ansvarlig for to av de viktigste litterære verker som utkom i Norge i forrige århundre, Norske Folkeviser 1853 og Kirkesalmebog i 1870.»

Nasjonalt Landstadsenter har siden 2008 forsøkt å ivareta sitt formål og oppdrag ved å arrangere seminarer (cfr. *Landstaddagane*) og konserter til faglig belysning både historisk og aktuelt av det vi har mottatt fra Landstad. For det andre har vi utgitt en gedigen skriftserie som gjør de viktigste av Landstads skrifter tilgjengelige for allmennheten og forskningen. Vi arbeider nå med det femte og siste bindet i denne serien. I tillegg arbeider vi med en 150-årsmarkering i 2020 av den første norske salmeboken i vår historie, Landstads *Kirkesalmebog* (1870). Dette kommer vi selv til å

markere, blant annet med en jubileumshelg sammen med Tunsberg bispedømme og Sandar menighet i begynnelsen av september. Men vi prøver også å motivere flest mulig instanser til å belyse dette fra ulike synsvinkler. Vi håper Seljord vil markere året, og vi er rede til å bidra.

Skriftserien krever betydelige midler til trykkestøtte. Trykkestøtte og bidrag til jubileet søker vi om fra ulike andre kilder.

Hvis det skal bli noe av de ulike prosjektene som står på programmet, trengs det imidlertid også midler til å holde driften i gang gjennom et år. Mens situasjonen frem til 2012 var slik at vi kunne ha ansatte, både daglig leder og kontormedarbeider, har vi siden da ikke hatt noen ansatte. Det innebærer at det kreves en stor innsats av styret. Den daglige administrasjon er dermed et arbeid som siden 2012 ikke har vært betalt, men ydet som frivillig innsats. Dette gjelder også arbeidet med skriftserien. I de fire første bindene har vi uten utgifter kunnet nyte godt av kunnskapen og innsatsen til en av landets fremste folklorister, Ørnulf Hodne. Bind 5 fremstilles uten kostnader av en komité på fire kjennere av 1800-tallets kulturliv, tre av dem med doktorgrad: Anders Aschim, Per Kristian Aschim og Ernst Baasland, i tillegg til Landstadsenterets styreleder."

Det meste av arbeidet i stiftinga må nå gjerast som dugnadsarbeid, men det er ein del kostnader med å drifte stiftinga, rekneskap, revisjon, arbeid med å førebu Salmebokjubileet og arbeidet med utgivinga av bind 5 m.m. er berekna til kr 128.000,- for 2020. Budsjett i vedlegg.

Vurdering

Magnus B. Landstad har vært viktig for Seljord og Seljord sin historie. Seljord har vore sentral i stifting og drift av Nasjonalt Landstadsenter.

Rådmannen forstår at det fortsatt må skaffas ein del midlar for å gje ut " Landstad som hymnolog" det 5. og siste bindet i skriftserien i 2020.

Det er og viktig at Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter blir i stand å dekke sine direkte utgifter, som rekneskap, revisjon, avgifter og reiser.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet gjere følgande vedtak;

Seljord kommune kan ikkje støtte drift av Nasjonalt Landstadsenter i 2020. Dette for kommunen har små frie midlar innan kultur.

Utskrift til: Nasjonalt Landstadsenter ved Åge Haavik

Stiftinga

NASJONALT LANDSTADSENTER

(Etablert 2008 • Org.nr. 894 146 982)

c/o Markalleen 33

1368 Stabekk

Strand 28/11-2019

Til
Seljord kommune
Kulturetaten
v/Asbjørn Storrusten

Søknad om støtte til Nasjonalt Landstadsenters virksomhet i 2020

Med dette søker vi Seljord kommune om tilskudd til drift av Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter i året 2020 stort NOK 50.000. Vi viser til nedenstående budsjett.

Seljord har stadig et usedvanlig rikt og blomstrende kulturliv. Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter har som oppgave å ivareta arven etter en av de store som i sin tid var med på å legge grunnlaget for mye av det som fremdeles utfolder seg, presten og folkloristen Magnus Brostrup Landstad (1802-80).

Om Magnus Brostrup Landstads kulturinnsats kan det sies at den er solid lokalt forankret med dype røtter i den rike Telemarkskulturen, men fruktene av den fremstår som fremragende bidrag til vår nasjonale kultur og historie. I 1982 skrev professor Ingard Hauge i *Norges Litteraturhistorie*: «M.B. Landstad var ansvarlig for to av de viktigste litterære verker som utkom i Norge i forrige århundre, Norske Folkeviser 1853 og Kirkesalmebog i 1870.»

Nasjonalt Landstadsenter har siden 2008 forsøkt å ivareta sitt formål og oppdrag ved å arrangere seminarer (cfr. *Landstaddagane*) og konserter til faglig belysning både historisk og aktuelt av det vi har mottatt fra Landstad. For det andre har vi utgitt en gedigen skriftserie som gjør de viktigste av Landstads skrifter tilgjengelige for allmennheten og forskningen. Vi arbeider nå med det femte og siste bindet i denne serien. I tillegg arbeider vi med en 150-årsmarkering i 2020 av den første norske salmeboken i vår historie, Landstads *Kirkesalmebog* (1870). Dette kommer vi selv til å markere, blant annet med en jubileumshelg sammen med Tunsberg bispedømme og Sandar menighet i begynnelsen av september. Men vi prøver også å motivere flest mulig instanser til å belyse dette fra ulike synsvinkler. Vi håper Seljord vil markere åremålet, og vi er rede til å bidra.

Skriftserien krever betydelige midler til trykkestøtte. Trykkestøtte og bidrag til jubileet søker vi om fra ulike andre kilder.

Hvis det skal bli noe av de ulike prosjektene som står på programmet, trengs det imidlertid også midler til å holde driften i gang gjennom et år. Mens situasjonen frem til 2012 var slik at vi kunne ha ansatte, både daglig leder og kontormedarbeider, har vi siden da ikke hatt noen ansatte. Det innebærer at det kreves en stor innsats av styret. Den daglige administrasjon er

dermed et arbeid som siden 2012 ikke har vært betalt, men ydet som frivillig innsats. Dette gjelder også arbeidet med skriftserien. I de fire første bindene har vi uten utgifter kunnet nyte godt av kunnskapen og innsatsen til en av landets fremste folklorister, Ørnulf Hodne. Bind 5 fremstilles uten kostnader av en komité på fire kjennere av 1800-tallets kulturliv, tre av dem med doktorgrad: Anders Aschim, Per Kristian Aschim og Ernst Baasland, i tillegg til Landstadsenterets styreleder.

Å beregne hva dette innebærer i kroner er ikke lett, men for 2020 er det satt inn et forsiktig anslått tall på 60 timer. Vår søknad nå gjelder de midler som kreves for et års eksistens.

Med vennlig hilsen,

Åge Haavik
styreleder
(sign.)

Budsjett 2020

Utgifter

Arbeid for å få på plass finansiering av driften i 2019/2020	10000
Forberede styrevalg	6000
Arbeid med utgivelsen av bind 5 Landstad som hymnolog	48000
Arbeid for en bredere presentasjon av bokserien	3000
Forberede Salmebokjubileet 2020	15000
Årsavgift for domenet	900
Ordning av Hjemmesiden	6000
Årsavgift til Stiftelsestilsynet	650
Regnskap	13000
Revisjon	15000
Avholde 5 styremøter (reise 2000 x 5)	10000
Diverse	9450
SUM	128000

Inntekter

Støtte fra Seljord kommune 50000

Støtte fra andre «Landstadkommuner» og instanser med søkbare kulturmidler 30000

Egeninnsats 60 timer à NOK 800 48000

SUM 128000



Seljord kommune

Arkiv: K01
Saksnr.: 2020/155-2
Sakshand.: Torunn Raffevold Rue
Direkte tlf.:
Dato: 08.01.2020

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	6/20	13.01.2020

Søknad frå Skagerak Kraft AS/Skagerak Energi AS om bruk av snøscooter i samband med skredkurs 2020 - § 6 i forskrift om motorferdsel

Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Søknad om bruk av snøscooter i forbindelse med skredkurs
- 2 Kart over treningsområdet Grimås - Lifjell

Saksutgreiing:

Skagerak Kraft AS/Skagerak Energi AS søker om løyve til å bruke snøscooter i samband med eit skredkurs dei skal ha i veke 3 (15.-16.januar 2020). Kurset går ut på å lære meir om sikkert åtferd ved ferdsel i utmark og få opplæring om skredfare og bruk av skredsøkar. Kurset inneheld både ein teoretisk og ein praktisk del. Den praktiske delen føregår ute i felt der dei øver på alt frå analyse og kontroll av snø i samband med rasfare, bruk av elektronisk sendar/mottakar, søkestang og verktøya dei har dersom dei skulle bli tekne av skred. Hensikta er å auke sikkerheita for tilsette når dei er ute på tilsyn og snømåling mm. Det er 15 deltakarar på kurset. Desse kjem frå driftsområda Telemark nord og Telemark vest innan Skagerak Kraft AS/Skagerak Energi AS. Kursinstruktørar er geologar og fagfolk frå Georisiko.

Søkjjar har avklart med grunneigarane i området om å bruke området frå Grimås og opp mot Lifjell. Snøscooterane blir nytta for å kome seg til og frå treningsområdet.

Seljord kommune har avklart med SNO (Statens naturoppsyn) og Miljødirektoratet at denne søknaden ikkje kan takast som ei delegert sak. Søknaden blir vurdert etter motorferdsellova, naturmangfoldlova, retningslinjer for motorferdsel i utmark i Seljord kommune og § 6 i *forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag* som lyder slik:

§ 6. I unntakstilfelle kan kommunestyret – eller et annet folkevalgt organ som kommunestyret bestemmer – etter skriftlig søknad gi tillatelse til kjøring utover § 2 – § 5, dersom søkeren påviser et særlig behov som ikke knytter seg til turkjøring, og som ikke kan dekkes på annen måte. Før eventuell tillatelse gis, skal transportbehovet vurderes mot mulige skader og ulemper i forhold til et mål om å redusere motorferdselen til et minimum.

I delegeringsreglementet til Seljord kommune har kommunestyret delegert saker etter motorferdselforskrifta til formannskapet. Det er ikkje høve til å delegere § 6 i forskrifta til administrasjonen.

For å kunne gje løyve etter § 6 må følgjande vilkår vere oppfylt

- Søkjar må vise til særleg behov
- Behovet må ikkje knytast til turkjøring
- Behovet må ikkje kunne dekkast på annan måte
- Behovet må vurderast opp mot skader og ulemper ut frå målet om å redusere motorferdselen til eit minimum

I føremålsparagrafen til forskrifta står det m.a.: *All motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag skal foregå aktsomt og hensynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljøet og mennesker.*

Søknaden kom inn etter at dei andre sakspapira til formannskapet var sendt ut. Det er avklart med ordføraren og rådmannen om at saka blir lagt fram i møtet.

Vurdering:

Det er ikkje tvil om at Skagerak Kraft AS/Skagerak Energi AS har trong for å ha skredkurs for å sikre HMS-rutinane i ein stor organisasjon som har installasjonar og anlegg høgt til fjells innan kommunen vår. Samfunnsinteressene for at Skagerak Kraft/Skagerak Energi AS skal produsere og sikre straum til abonnentar og selskap, er sjølvsegde. Då er det også godt å vite at dei kan handtere situasjonar som kan skje i fjellheimen vinterstid.

Vi meiner søkjar har eit særleg behov som ikkje kan dekkast på ein annan måte. Etter rådmannens vurdering vil ikkje dette føre til skader og/eller ulemper verken for friluftsiinteresser eller naturmangfaldet.

Rådmannen vurderer det slik at dei samla belastningane på miljøet i området er små. Området er ikkje vurdert som spesielt sårbart, jf www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no

Området er, i arealdelen til kommunen, avmerka som hytteområde frå parkering på Grimås søraustover mot Grimåsdekkane. Derifrå er området avmerka som LNFR-område på arealdelen til kommuneplanen. Det er sjekka ut i Naturbase om det finst sårbare artar eller viktige naturtypar i området. Det er gjort funn av ein del artar som er såkalla livskraftige. Vidare er det gjort funn av lirype i 2016 i hyttefeltet. Lirype er såkalla nær trua art. Artsdatabanken inneheld ikkje alle artar som finst i eit område. Det er eit krav at vi skal vurdere sårbare artar i området. Vi vurderer aktiviteten som lite forstyrrande og ikkje øydeleggande for artane i området, jf naturmangfaldlova.

Rådmannen vurderer at søkjaren har eit særleg behov og fyller krava til § 6 i forskrifta og kommunale retningslinjer. Det er likevel viktig å halde transporten på eit minimum. Vi kan ikkje sjå at skredkurset vil vere til vesentleg hinder eller ulempe for andre interesser sidan det er tale om ein svært kort periode på eit avgrensa område. Dispensasjonen vert gjeven til søkjar og gjeld det avmerka området på kartet.

Ved å gje dispensasjon på snøføre med snøscooter, unngår ein store spor i terrenget samanlikna med å gje løyve til å nytte ATV eller traktor på barmark. Det er ein fordel om transporten blir gjort så effektiv og forsiktig som mogleg.

Etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå søknaden og gje søkjar dispensasjon for å nytte snøscooter til og frå treningsområdet. Frakt av personar er i utgangspunktet ikkje lovleg dersom det fører til fleire turar, men det er lov å ha med personar på køyretøyet når det likevel vert frakta utstyr. Køytinga krev løyve frå grunneigarar; noko som søkjar har ordna. Dersom ein skal krysse fleire eigedomar, må ein ha løyve frå alle grunneigarar. Det er viktig å vere klar over at køyting på brøyta veg ikkje vert rekna som motorferdsel i utmark.

Rådmannen si tilråding:

Skagerak Kraft AS/Skagerak Energi AS får dispensasjon til snøscooterkøyting etter § 6 i *forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag* under skredkurset i veke 3 i 2020 på fylgjande vilkår:

- Snøscooterløyvet gjeld i samband med skredkurset 2020.
- Det vert nytta den kortaste traséen i terrenget som mogleg for å utføre oppdraget.
- Frakt av personar er i utgangspunktet ikkje lovleg dersom det fører til fleire turar, men det er lov å ha med personar på køyretøyet når det likevel vert frakta utstyr.
- Sjøførar: tilsette i Skagerak Kraft AS
- Løyve til motorferdsel gjeld ikkje utan løyve frå grunneigarar. Innehavar av løyvet bør ha dette skriftleg ved ein eventuelle tvist.
- Kopi av vedtak om løyve og kart over området skal alltid vere med under transporten.
- Den som bryt lova, forskriftene eller retningslinjene i medhald av lova, eller opptrer aktaust, er straffeansvarlege etter § 12 i motorferdsellova.
- Brot på vilkåra kan føre til at løyvet vert trekt tilbake.

Vedtaket er heimla i § 6 jfr *"Forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag"*, naturmangfaldlova §§ 8-12 og retningslinjer for motorferdsel i utmark i Seljord kommune.

Utskrift til:
Skagerak Kraft AS/Skagerak Energi AS
Statens naturoppsyn (SNO)
Politiet

Fra: Arne Aase (Arne.Aase@skagerakenergi.no)

Sendt: 08.01.2020 19:37:47

Til: Torunn Raftevoll Rue

Kopi: Runar Torpe Lien

Emne: Søknad om bruk av snøscooter i forbindelse med skredkurs

Vedlegg: 0036_001.pdf

Hei!

Skagerak kraft søker om å få bruke snøscooter i forbindelse med eit skredkurs vi skal ha i uke 3. Kurset går ut på og lære meir om sikker adferd ved ferdsel i utmark og opplæring rundt det med skredfare og bruk av skredsøker. Vi skal ha ein teoretisk del på Sundsbarm og ein praktisk del ute der vi øver på analyse/kontroll av snø i forhold til rasfare, bruk av elektronisk sender/mottaker søkestang og dei verktøya vi har hvis vi skulle bli tatt av skred. Dette er for og øke sikkerheten for ansatte når vi er ute på tilsyn, snømåling etc. Det er 15 mann fra driftsområde Telemark Nord og Telemark Vest som skal delta på kurset og det er Steinar Hustoft Daglig leder og Seniorgeolog fra Georisiko og ein kollega av han som skal ha kurset. La ved eit kart over område som er tenkt bruka, vi følger den vanlige trasen fra parkeringsplassen på Grimås og opp. Grunneigar Magne Reinstaul og Torbjørn Moen stiller område til disposisjon.

Mvh

Arne Aase

Energioperatør

__ DIREKTE	+47 35902116
__ MOBIL	+47 94801972
__ SENTRALBORD	+47 35935000

Skagerak Kraft AS

Postboks 80

3901 Porsgrunn


<http://www.skagerakkraft.no>



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Kart fra Kilden 



0 100 200 300m

kilden.nibio.no

08.01.2020